

Til
Idrettslag, idrettsråd og særkrinsar/regionar i Sogn og Fjordane

Førde, 1.10.19

Sogn og Fjordane Idrettskrins tildeler idrettsstipend og støtte til tiltak for barn/ungdom og paraidrett.

Sogn og Fjordane Idrettskrins vil i november 2019 dele ut idrettsstipend og støtte til tiltak for barn og ungdom og paraidrett. Idrettslag, idrettsråd, særkrinsar/regionar og enkeltutøvarar kan søkje på midlane.

Utdeling vil skje i samband med markeringa av Sogn og Fjordane Idrettskrins sitt 100-årsjubileum på Skei **30. november**.

Det er tre kategoriar ein kan søkje på:

- A. Stipend til unge idrettsutøvarar**
- B. Støtteordning til barne- og ungdomsidrett**
- C. Støtteordning til paraidrett**

Kriterium for dei ulike kategoriene og søknadsskjema det kan søkjast på ligg ved som eige vedlegg. Vi ber om at dei som mottok informasjon om ordninga vidareformidlar denne informasjonen til aktuelle innanfor sitt organisasjonsledd.

For idrettsstipend er det den enkelte utøvar sjølv som søker, men organisasjonsledda må gjere aktuelle kjend med ordninga og fristar som gjeld. For støtteordninga til barne- og ungdomsidrett og paraidrett må mottakar av midlar rapportere inn korleis tiltaket er gjennomført og at midlane er brukt som skildra i søknaden når tiltaket er gjennomført, seinast 1. desember 2020.

Det er styret i Sogn og Fjordane idrettskrins som vil vurdere søknadane og vedta kven tildeling skal gå til. Sogn og Fjordane Idrettskrins kan innhente tilleggsmateriale frå særkrins/region eller Norges Idrettsforbund om dei finn det nødvendig i samband med handsaming av søknadane.

Søknadsfrist for alle kategoriene er 1. november 2019.

Eventuelle spørsmål kan rettast til Sogn og Fjordane Idrettskrins på telefon 57 76 12 10 eller på e-post: sognogfjordane@idrettsforbundet.no. Utfylt og signert søknadsskjema sendast elektronisk til same e-postadresse.

Med helsing
Sogn og Fjordane Idrettskrins

Nils R. Sandal (s.)
Styreleiar

Bodil Ryste (s.)
Fungerande org.sjef

Vedlegg: Søknadsskjema
Kriterium for søknad/tildeling